

# Utviklingsplan 2017-2018

## Skule: Klepp ungdomsskule



## ***"Bli den beste du kan bli"***

### **1. Kort analyse av status**

#### **a) Læringsmiljø**

I tillegg til vår eigen mobbelogg som ikkje er anonym og som vi gjennomfører to gonger pr. semester, utviklingssamtalar med elevar og med elevar og føresette, gjennomfører skulen elevundersøkinga på alle trinn. Tala under er frå alle trinn. Det vi ser som går igjen er at elevmotivasjon og trivsel er dalande frå 8.-10.trinn. Dette samsvarer med nasjonale funn, men er likevel noko vi ikkje er nøgde med. Utviklinga dei siste 3 åra er heller ikkje god nok på dette. Gjennom vår satsing på PRUV og spesielt bruk av metodar frå CL (cooperative learning), trur vi at dette kan vere med på å auke motivasjonen for elevane.

Resultata frå elevundersøkinga dei tre siste åra er presentert under:

	<b>2013-2014</b>	<b>2014-2015</b>	<b>2015-2016</b>	<b>2016-2017</b>
Trivsel	4,2	4,4	4,3	4,3
Støtte frå lærarane	3,8	4,2	4,2	4,2
Støtte heime	3,8	4,1	4,3	4,3
Fagleg utfordring	4,0	4,4	4,2	
Vurdering for læring	3,1	3,4	3,4	3,5
Læringskultur	3,4	3,9	3,9	3,7
Mestring	4,0	4,1	4,1	4,0
Motivasjon	3,4	3,8	3,6	3,6
Elevdemokrati	3,2	3,2	3,4	3,4
Felles reglar	3,9	4,1	4,1	4,1
Mobbing på skulen	1,2	1,1	1,2	1,2
Andel elevar mobba 2-3 g/månad	6,2	1,9	1,1	1,9 (8)

**b) Læringsresultat**

Grunnskulepoeng:

År	2013	2014	2015	2016	2017
Poeng KleppU	38,4	40,1	41,1	40,0	41,4

Eksamensresultat:

Fag	Nasjonalt		Klepp u.		Klepp u. standpunkt	
	2016	2017	2016	2017	2016	2017
Norsk h.	3,5	3,4	4,0	3,1	3,5	3,7
Norsk s.	3,2	3,3	3,3	3,4	3,6	3,7
Engelsk skr.	3,6	3,8	3,0	3,3	3,8	4,0
Matematikk	3,3	3,4	3,5	3,5	3,7	3,7

Kort konklusjon: Skulen har gode resultat i matematikk, greie resultat i norsk, og noko svakt i engelsk. Ser ein på resultat munnleg eksamen engelsk, er desse gode, men eksamensresultata er ikkje gode nok, spesielt samanlikna med standpunktcharakterane. Spraket mellom standpunkt engelsk skriftleg og engelsk skriftleg eksamen må vi sjå nærmare på.

## 2. Utviklingsområde skuleåret 2016/2017 – kort grunngjeving

- Læringsbrett/IKT – satsing frå kommunen si side. Her må vi bruke tid på å utvikle kompetanse i personalet. Målet er at vi skal vere trygge på nokre program iløpet av dette skuleåret.
- Klasseleiing – vi arbeider vidare med ein felles utvikling av personalet som tydelege og relasjonsmedvitne vaksne, og har tru på at dette vil gje oss ein felles skulekultur og ikkje minst skape trygge og gode elevmiljø.
- PRUV/vurdering for læring – vi arbeider vidare med å variere opplæringsmetodane og vurderingssituasjonane, og har tru på at dette vil vere med på å auke motivasjonen hos elevane for skule og skullearbeid, samt trivsel.

Område	Mål	Tiltak	Milepælar	Evaluering
Læringsbrett	<ul style="list-style-type: none"> <li>- All digital elevaktivitet foregår gjennom læringsbrettet.</li> <li>- Me brukar Office 365 som digital plattform.</li> <li>- Auka den digitale kompetansen hos elevane.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kvart trinn har ein ressursperson vedr. pedagogisk bruk av Læringsbrett og Office 365.</li> <li>• Delar av planleggingsdag i august vert brukt til klargjering av måla før skulestart.</li> <li>• <b>Office 365: Sharepoint, onenote og onedrive</b> vert brukt vedr. felles arbeidsplanar og fag.</li> <li>• <b>Showbie</b> vert brukt i digital kommunikasjon med elevane.</li> <li>• <b>iThoughts, Book Creator</b> etc. vert brukt til undervisningsopplegg i timane.</li> <li>• Me nyttar fellestid til kvalitetssikring av tiltaka ovafor.</li> </ul>		

<p><b>Klasseleiing:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Relasjonsbygging og grensesetting</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Me er tydelege på positiv <b>relasjonsbygging</b> overfor alle, men spesielt overfor dei utfordrande elevane.</li> <li>- Me er tydelege på <b>grensesetting</b>, men med "fingerspitzgefühl".</li> <li>- Me kan skulen sine reglar og følgjer dei opp.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Delar av planleggingsdag i august vert brukt til gjennomgang av skulen sin <b>visjon</b> inkl. underpunkta til denne.</li> <li>• Delar av planleggingsdag i august vert brukt til å sikre felles forståing av <b>relasjonsbygging</b> og <b>grensesetting</b>.</li> <li>• Delar av planleggingsdag i august vert brukt til klargjering av <b>skulen sine ordensreglar</b> før skulestart.</li> <li>• To gonger i halvåret går me gjennom ordensreglane og vurderer korleis me følgjer dei opp.</li> <li>• Me nyttar fellestid til kvalitetssikring av skulen sine reglar,</li> </ul>		
---	--	---	--	--

		relasjonsbygging og grensesetting.		
<b>PRUV relatert til Vurdering for læring</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- <u>Vår undervisning er:</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ <b>Praktisk</b></li> <li>✓ <b>Relevant</b></li> <li>✓ <b>Utfordrande</b></li> <li>✓ <b>Varierert</b></li> </ul> </li> <li>- Vår <b>vurderingspraksis</b> er variert.</li> <li>- Me har forståing for samanhengen mellom <b>undervegsverdering og sluttvurdering</b>.</li> <li>- Me har vurdert frekvensen på vurderingssituasjonar i alle fag.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeidet på dette området vert hovudsakleg organisert i faggruppene på trinn og på tvers av trinn.</li> <li>• Me drøftar kontinuerleg <b>PRUV</b> i faggrupper på trinn og på tvers av trinn.</li> <li>• Me nyttar delar frå <b>Cooperative Learning</b> i arbeidet med PRUV.</li> <li>• Me går djupare inn i <b>Vurdering for læring</b> frå januar 2018...då har me kome godt i gang med satsingsområde «Læringsbrett».</li> <li>• Me har drøfta oss fram til korleis me gjennomfører undervegsverdering i alle fag.</li> </ul>		

## Vidareføre

- **Organisasjonsutvikling:**  
To gonger i halvåret sikrar me at personalet har ei felles forståing for at vi saman utviklar skulen vidare, at ein felles profesjonell kultur gir best læringsmiljø for klassane, trinna og skulen og læring for den einskilde eleven.
- **Det vaksne miljøet:**  
To gonger i halvåret brukar me fellestida på dokumentet me lagde i 2015 vedr. korleis me ønskjer at kommunikasjonen mellom oss vaksne skal vera.
- **Læringsmiljøet:**  
To gonger i halvåret finner me fram dokumentet me lagde i 2012 kalla «Respekt – eit optimalt læringsmiljø».